Novus forlag · eISSN 1890-5455
DOI: 10.52145/mom.v118i1.2535
Maal og minne 1-2026 1—32

Normkompetanse og normpåverknad mellom nynorskungdom på Vestlandet

Av Stig J. Helset

Denne artikkelen diskuterer på kva måtar normavvik i tekstar skrivne av ungdom med nynorsk som hovudmål heng saman med den multilektale konteksten dei lever i. Det empiriske grunnlaget for studien er hovudmålstentamenar skrivne av 67 ungdomsskuleelevar i ein nynorskkommune på Vestlandet, autentiske private meldingar skrivne av dei same elevane og dessutan svara elevane gav på nokre spørsmål som dei fekk gjennom eit spørjeskjema. I tillegg til å kartlegge ulike avvikstypar og avvik som fell saman med høvesvis bokmål og dialekt i hovudmålstentamenane, undersøker studien om ein i tentamenane finn att normavvikande dialektnære former som ungdommane brukar når dei skriv private meldingar til kvarandre. Studien viser at ein klart større andel av avvika i nynorsktekstane til elevane fell saman med den lokale dialekten enn andelen som fell saman med bokmål, samstundes som han gjev indikasjonar på at mange elevar dreg med seg normavvikande former frå den dialektnære skrivinga som dei brukar i private meldingar, når dei skal skrive normert nynorsk.

1 Innleiing[1]

Føremålet med denne artikkelen er å kartlegge ulike avvikstypar og omfanget av ulike påverkingskjelder som kan ligge til grunn for avvik frå skriftstandarden i nynorsktekstar skrivne av ungdommar som veks opp i nynorskkommunar på Vestlandet, og å sjå dette i samanheng med den multilektale konteksten ungdommane lever i. Det er tre grunnar til at eg

1. Takk til to anonyme konsulentar og redaksjonen i *Maal og Minne* for konstruktive tilbakemeldingar som har bidrege til at dette har blitt ein betre artikkel.

rettar søkjelyset mot normkompetanse hos akkurat denne gruppa. For det første viser tidlegare studiar at nynorskelevar har signifikant fleire avvik enn bokmålselevar når båe grupper skriv på hovudmålet sitt (Eiksund 2017: 269, Lindblom 2024: 43, Støfring 2019: 45), og at avvika i hovudmålstekstar skrivne av nynorskelevar botnar i fleire påverkingskjelder enn avvika i hovudmålstekstar skrivne av bokmålselevar (Eiksund 2020: 60, Lindblom 2024: 44). For det andre veit vi at ungdommar som veks opp i nynorskkommunar på Vestlandet, lever i ein multilektal kontekst der dei møter ein miks av dialekt, nynorsk og bokmål i kvardagen, samstundes som dei i stor utstrekning driv med språkveksling når dei sjølve skriv i ulike samanhengar (Helset og Brunstad 2020: 114), medan bokmålsungdommar berre i liten grad møter og brukar nynorsk. For det tredje blir den multilektale konteksten for nynorskungdommen på Vestlandet forsterka av at fleire studiar viser at over 80 % av dei brukar dialektnær skrift når dei kommuniserer med vener via meldingar og på sosiale medium (Helset og Brunstad 2020: 108, Røyneland og Vangsnes 2020: 358), medan ei spørjeundersøking utført av Opinion (2020: 15, S. Botheim, Språkrådet, personleg kommunikasjon, 16. desember 2024) viser at 2/3 av dei som bur på Austlandet, sjeldan eller aldri brukar dialektnær skrift når dei skriv i private samanhengar. Dessutan er det slik at dagens ungdom er den første generasjonen som har vakse opp med smarttelefonar og nettbrett både privat og i skulen sidan dei var små, samstundes som mange av dei både konsumerer og produserer store mengder destandardiserte tekstar på sosiale medium (Medietilsynet 2024: 8). På denne bakgrunnen har eg gjennomført ein kvantitativ studie mellom 67 elevar ved ein ungdomsskule i ein nynorskkommune på Vestlandet, og på grunnlag av den studien svarar eg i denne artikkelen på følgjande forskingsspørsmål:

- I kva grad og på kva for måtar avvik hovudmålstentamenar skrivne av ungdomsskuleelevar i ein nynorskkommune på Vestlandet frå skriftstandarden?
- Kva for moglege påverkingskjelder ligg til grunn for rettskrivingsavvika?
- I kva grad finn ein att normavvikande dialektnære former som ungdommane brukar når dei skriv private meldingar til kvarandre, i tentamenane deira, og er det grunnlag for å hevde at innslaga av denne typen trekk har blitt forsterka av at dei brukar dei så mykje i private meldingar?

2 Teoretiske perspektiv og tidlegare forsking

Som eit resultat av den eksponentielle veksten innanfor digital kommunikasjon dei siste tjue åra, og særleg av veksten i og mangfaldet av destandardisert skriving på internettet generelt og i sosiale medium spesielt, har skriftsosiolingvistikk blitt eit veksande forskingsfelt i same periode. Medan sosiolingvistikken tradisjonelt har retta søkjelyset mot variasjon i munnleg språkbruk, har sentrale sosiolingvistar som Sebba (2007), Blommaert (2013), Lillis (2013), Stæhr et al. (2019), Androutsopoulos og Busch (2020), Honkanen (2023) og Coats (2024) dei seinare åra retta merksemda mot variasjon i digital skriftleg språkbruk, noko Hårstad (2023) synleggjer i ein oversynsartikkel om forskingsfeltet. Dei ovanfor nemnde skriftsosiolingvistane argumenterer for å undersøke denne skriftspråksvariasjonen i seg sjølv, og å sjå han i lys av ulike sosiale, kulturelle og kontekstuelle tilhøve. Sidan skrivinga som ikkje minst ungdommen praktiserer på sosiale medium som Facebook, Instagram, TikTok og Snapchat, finn stad utan noka form for ekstern regulering, får dei høve til å bruke trekk frå ulike skriftspråk, dialektar, stilar og register, og dessutan til å bruke piktogram (emotikon, emojiar osv.) og alfabetiske særteikn (majusklar, forkortingar osv.) – og dei gjer det (Cutler og Røyneland 2018, Deumert 2014, Røyneland og Vangsnes 2020). Sjølv om skrivinga på sosiale medium ikkje er regulert av eksterne autoritative instansar, må dei digitale skrivarane i det daglege orientere seg mot fleire ulike og uoffisielle normative senter (Heuman 2021: 183f, Hårstad 2021: 35ff, Stæhr 2016: 193), samstundes som den digitale skrivinga også opnar opp for forhandlingar om nye tydingar og bruksdomene for hittil marginaliserte kodar og trekk (Røyneland 2018: 166, Stæhr 2016: 193).

Skriftspråksvariasjon på sosiale medium er eit interessant studieobjekt i seg sjølv, og som både Bryn (2023: 81) og Garatun (2023: 49) viser gjennom to kvalitative studiar frå norske kontekstar, er det mykje som tyder på at dei ovanfor nemnde sosiale, kulturelle og kontekstuelle mekanismane også gjer seg gjeldande når ungdommar ved ungdomsskulen som denne artikkelen hentar data frå, skriv på sosiale medium og kommuniserer med vener på Snapchat og SMS. Det er dessutan sannsynleg at bruken av dialektnær skrift i denne typen kanalar er eit uttrykk for at den lokale dialekten er ein viktig del av identiteten til desse ungdommane, altså at skriftspråksvalet botnar i det som Woolard (2016: 7) omtalar som «an ideology of authenticity, which holds that a language variety is rooted

in and directly expresses the essential nature of a community or a speaker». Når vi veit at dialekten til ungdommar som veks opp i nynorskkommunar på Vestlandet, ligg nærmare nynorsk enn bokmål, kan det også godt tenkast at den dialektnære skrivinga som dei brukar på sosiale medium og når dei kommuniserer med vener i private meldingar, bidreg til at dei held fram med å bruke nynorsk i formelle tekstar. Samstundes er det slik at veldig mange av dei dialektnære formene ikkje er i samsvar med nynorskrettskrivinga, noko som kan skape vanskar for ungdommane når dei skal skrive korrekt nynorsk. Derfor har eg i studien som ligg til grunn for artikkelen, lagt vekt på å undersøke i kva grad ein finn att normavvikande former frå den dialektnære skrivinga som ungdommane praktiserer når dei kommuniserer med vener på Snapchat og SMS, når dei same ungdommane skal skrive tekstar på standardspråket nynorsk.

Som Hårstad (2021: 32ff) peiker på, har det vore gjennomført liknande studiar tidlegare, og dei fleste av desse konkluderer med at den destandardiserte skrivinga på sosiale medium i liten grad gjev innslag når skrivarane skal skrive på standardspråk. Vi kan likevel merke oss at dei aller fleste av desse studiane allereie er 10–25 år gamle, noko som inneber at dei er gjennomført mellom barn og ungdommar som den gongen ikkje var på langt nær så heildigitale som dagens barn og ungdommar. Fleire nyare internasjonale studiar konkluderer med at den destandardiserte skrivinga på sosiale medium har negativ innverknad på studentar si evne til å skrive korrekt standardspråk (jf. til dømes Wilson 2018: 270, Issahaku et al. 2024: 140, Michael 2025: 491). Dagens norske ungdom er den første generasjonen som har vakse opp med smarttelefonar og nettbrett både privat og i skulen sidan dei var små, samstundes som mange av dei både les og skriv store mengder destandardiserte tekstar på sosiale medium (Medietilsynet 2024: 8). Som Helset og Brunstad (2020: 99) peiker på, har den nær sagt døgnkontinuerlege tilgangen som ungdommen har til å kommunisere med andre via digitale plattformer, ført til at mange av dei som er unge i dag, truleg produserer mangedobla mengder med skriven, destandardisert tekst jamført med dei som var unge for berre 10–20 år sidan. Det kan derfor vere grunn til å undersøke eventuell interferens frå den digitale skrivinga på sosiale medium på standardspråktekstar på nytt, mellom dagens ungdom.

Særleg interessant er det å undersøke om denne typen interferensproblematikk gjer seg gjeldande mellom ungdommar som veks opp i ein

multilektal kontekst der det skriftlege minoritetsspråket dominerer i lokalsamfunnet, medan det skriftlege majoritetsspråket er dominerande nasjonalt, samstundes som dei sjølve brukar normavvikande dialektnære former på sosiale medium. Det er nettopp dette som er konteksten og tilfellet for ungdommane som ligg til grunn for denne studien. Nynorsk er det absolutte lokale majoritetsspråket på staden dei bur. Det er administrasjonsspråket i kommunen, og nynorsk er så godt som einerådande i lokalaviser og i lags- og organisasjonsliv i området. Dessutan har dei aller fleste elevane i kommunen nynorsk som hovudmål, både i grunnskulen og i den vidaregåande skulen. Ungdommane veks såleis opp i ein lokal kontekst som språkleg sett er prega av det nynorske skriftspråket og den lokale dialekten. Samstundes er det slik at også desse ungdommane i stor utstrekning møter bokmål, som jo er fullstendig dominerande både i tradisjonelle og sosiale medium nasjonalt. Som vi skal sjå, vekslar dei også sjølve mellom å bruke bokmål, nynorsk og dialekt i ulike situasjonar, samstundes som dei i stor utstrekning brukar normavvikande dialektnære former når dei kommuniserer med vener via Snapchat og SMS. Det at desse ungdommane lever i ein multilektal kontekst der dei både møter og sjølve vekslar mellom å bruke to ulike, men nærskylde skriftstandardar og normavvikande dialektnære skriftformer, kan tenkast å auke interferensen både frå bokmål og frå dialekt og dialektnær skriving i private meldingar når dei skal skrive korrekt nynorsk. Ei fersk spørjeundersøking som Oslo Economics (2024) gjennomførte på oppdrag frå Språkrådet mellom 442 norsklærarar i barne- og ungdomsskule, gjev iallfall indikasjonar på at interferensproblema er aukande mellom barn og ungdommar som veks opp i den nemnde multilektale konteksten. I rapporten som samanstiller funna i undersøkinga, kan ein nemleg lese at «[l]ærerne som underviser på skoler der hovedmålet er nynorsk trekker frem at de opplever at mange elever blander dialekt, nynorsk og bokmål», samstundes som «økt bruk av digitale verktøy og sosiale medier» blir trekt fram som ei viktig årsak til at gjennomsnittseleven har lågare norskkompetanse enn tidlegare (Oslo Economics 2024: 24). Sjølv om desse funna er basert på rapportert bruk, er det grunn til å ta desse oppfatningane på alvor, sidan dei byggjer på norsklærarar sine observasjonar av elevtekstar over tid.

Rett nok viser tidlegare studiar at ikkje minst ungdommar som veks opp i område der nynorsken dominerer lokalt, er veldig medvitne om at skriving på sosiale medium og skriving av formelle tekstar er ulike situa-

sjonar som krev ulike skriftlege uttrykksformer. Til dømes viser ein kvantitativ studie av Helset og Brunstad (2020: 116) mellom ungdomsskuleelevar i tre nynorskkommunar på Vestlandet at det er etablert klare «konvensjonar om kva slags språkform ungdomane skal bruke *når*, *kvar* og *for kven*», medan ein annan kvantitativ studie av Røyneland og Vangsnes (2020: 384) mellom vidaregåande elevar i ulike delar av landet viser at «ungdommane tydeleg skil mellom dei ulike kontekstane og tilpassar språkbruken etter plattform, og ikkje minst etter mottakar». Det er også godt dokumentert at ungdommar klarer å skilje ut typisk medialektale trekk som bruk av piktogram (emotikon, emojiar osv.) og alfabetiske særteikn (majusklar, forkortingar osv.) når dei skal skrive tekstar på standardspråk, både i internasjonale (sjå til dømes Christoffersen 2016: 167ff) og nasjonale studiar. Til dømes viser ein kvantitativ studie av Helset (2021: 25) mellom tiandeklassingar i ein nynorskkommune på Vestlandet at hovudmålstentamenane deira inneheld veldig få medialektale trekk, og dessutan veldig få innslag frå engelsk.

At ungdommar er medvitne om at ulike kommunikative kontekstar krev ulike skriftlege uttrykksformer, og at dei klarer å skilje ut medialektale trekk og engelsk når dei skal skrive formelle tekstar på nynorsk, er likevel ikkje det same som at dei også klarer å skilje ut normavvikande dialektnære former som dei brukar på sosiale medium og når dei kommuniserer seg imellom på Snapchat og SMS. Sidan medialektale trekk som til dømes eit smilefjes (🙂) og engelsk skil seg så pass markert frå nynorsk, skjønar truleg dei unge skrivarane intuitivt at slike trekk ikkje høyrer heime når dei skal skrive formelle tekstar. Derimot kan det vere vanskelegare for dei å unngå å drage med seg normavvikande dialektnære former som dei brukar når dei kommuniserer med vener på Snapchat og SMS, når dei skal skrive korrekt nynorsk. Mange av desse formene skil seg nemleg berre svakt frå rettskrivinga, slik som til dømes **me* i staden for *med* og **sei* i staden for *seier*.[2] Det er ikkje usannsynleg at unge skrivarar dreg med seg denne typen former som dei kanskje skriv eit hundretals gonger i private meldingar og på sosiale medium i løpet av ein månads tid, når dei skal skrive korrekt nynorsk, sjølv om dei kanskje ein gong har lært at dei ligg utanfor rettskrivinga. Når vi veit at over 80 % av nynorskungdommen på Vestlandet brukar dialektnær skrift når dei

2. I denne artikkelen blir asterisk brukt for å markere ordformer som avvik frå nynorskrettskrivinga.

kommuniserer med vener via meldingar og på sosiale medium, samstundes som mange av dei produserer svært mykje tekst i slike kanalar (Helset og Brunstad 2020: 108, Røyneland og Vangsnes 2020: 358), er det iallfall grunn til undersøke om denne skriftpraksisen forsterkar innslaget av normavvikande dialektnære former når dei skal skrive normert nynorsk.

Som nemnt i innleiinga har det vore gjennomført ei rekke studiar av avvik frå rettskrivinga hos elevar med nynorsk som hovudmål på ulike klassetrinn, både før og etter den digitale revolusjonen og inntoget av sosiale medium. Nokre av desse att har også undersøkt forholdet mellom samanfall med høvesvis bokmål og dialekt (Hellevang og Helset 2022: 60, Helset 2021: 22, Lindblom 2024: 37). Alle desse studiane viser at både avvik som fell saman med bokmål og avvik som fell saman med den lokale dialekten, utgjer nokså store delar av avvika i hovudmålstekstar skrivne av ungdommar som veks opp i nynorskkommunar på Vestlandet. Det er då heller ikkje overraskande, all den tid vi veit at desse ungdommane møter ein miks av dialekt, nynorsk og bokmål i kvardagen, samstundes som dei i stor utstrekning driv med språkveksling når dei sjølve skriv i ulike samanhengar (Helset og Brunstad 2020: 114). Studien til Helset (2021: 26) gjev også indikasjonar på at innslaga av normavvikande dialektnære former i nynorsktekstar skrivne av ungdommar i ein nynorskkommune på Vestlandet er forsterka av dei normavvikande dialektnære formene som dei brukar på sosiale medium, sjølv om ein i den studien ikkje hadde tilgang til private meldingar elevane i mellom. Som Hårstad (2021: 33) peiker på, er det metodisk krevjande å avgjere om normavvikande dialektale innslag i formelle tekstar skriv seg berre frå talemålet til skrivarane eller om omfanget av slike innslag kan bli forsterka av dei normavvikande dialektnære formene som dei brukar på sosiale medium. Det unike med studien som ligg til grunn for denne artikkelen, er at ein her ikkje berre har tilgang til hovudmålstentamenar til nynorskelevar, men også til private meldingar mellom dei same elevane på Snapchat og SMS. På den måten har det i denne studien vore mogleg å undersøke om og i kva grad dialektære former som elevane brukar i private meldingar, er med på å forsterke innslaget av slike former i hovudmålstentamenane deira, ikkje minst fordi eg i kapittel 4 samanliknar resultata frå denne studien med resultat frå ein rettskrivingsstudie gjennomført mellom ungdomsskuleelevar med nynorsk som hovudmål som vaks opp i førdigital tidsalder. Som Johnsen (2009) viser, er det gjennomført ei rekke rettskrivingsstudiar mellom elevar og studentar i pe-

rioden 1980–2008, men berre tre av dei er gjennomført mellom ungdomsskuleelvar med nynorsk som hovudmål, nemleg Bjørnstad (1980), Søyland (2001) og Wetås (2001). Særleg førstnemnde er relevant som samanlikningsgrunnlag, fordi Bjørnstad (1980) har utarbeidd statistiske analysar av avvikstypar og moglege påverkingskjelder i nynorsktekstar skrivne av (mellom anna) niandeklassingar som iallfall delvis er samanliknbare med analysane i denne studien. Rett nok var elevane i studien til Bjørnstad (1980) ikkje frå Vestlandet, men frå Nord-Gudbrandsdalen, men også dei vaks opp i ein lokal kontekst som språkleg sett var prega av det nynorske skriftspråket og den lokale dialekten, men altså utan digital, dialektnær kommunikasjon seg i mellom. Samstundes møtte også desse ungdommane truleg mykje bokmål, sidan det dominerte nasjonalt også den gongen. Søyland (2001) og Wetås (2001), som båe har undersøkt nynorsktekstar skrivne av tiandeklassingar, opererer ikkje med tilsvarande statistiske analysar, og dei er såleis mindre relevante som samanlikningsgrunnlag.

3 Materiale og metode

Gjennom forskingsprosjektet *Multilektal skrivekunne i opplæringa*[3] samla eg og dei andre forskarane inn ei rekke ulike typar språklege data frå niandeklassingane ved tre norske ungdomsskular: ein på Vestlandet, ein i Nord-Noreg og ein på Austlandet. Datamaterialet som ligg til grunn for studien som blir presentert her, består av eit utval av dataa som vi samla inn ved skulen på Vestlandet. Datamaterialet består for det første av hovudmålstentamenar (heretter kalla skuletekstar) skrivne av elevane i tre av klassane ved skulen, for det andre av private meldingar sende via Snapchat og SMS (heretter kalla fritidstekstar) som (mange av) dei same elevane donerte til prosjektet, og for det tredje svara som desse elevane gav på nokre av spørsmåla som dei fekk gjennom eit digitalt spørjeskjema. Dessutan gjorde vi lydopptak av gruppesamtalar mellom elevane som eg har brukt som grunnlag for å kartlegge dialekten til ungdommane. Ne-

3. *Multilektal skrivekunne i opplæringa* (https://www.hvl.no/prosjekt/2493121/) er finansiert av Noregs forskingsråd (prosjektnummer 301700) og leidd frå Høgskulen på Vestlandet (prosjektleiar Øystein A. Vangsnes), og forfattaren av denne artikkelen var aktiv forskar under alle datainnsamlingsperiodane til prosjektet.

danfor gjer eg greie for utval av og analysemetodar for skuletekstar, fritidstekstar og spørjeskjema, samstundes som eg grunngjev kvifor eg har valt ei slik tilnærming.

3.1 Skuletekstar

Det var seks parallellklassar på niande trinnet ved skulen, og alle desse klassane fekk det same oppgåvesettet til tentamen i norsk hovudmål i slutten av november 2022. Tentamenen blei avvikla som ei heildagsprøve på fem timar, der elevane først skulle svare på tre obligatoriske spørsmål knytt til to ulike tekstar (kortsvarsoppgåver), før dei skulle skrive ei novelle med utgangspunkt i ein av fire valbare tematikkar henta frå eit førebuingshefte (langssvarsoppgåve). Elevane skulle skrive svara på pc i Word, og forventa samla svarlengd var på om lag 1400 ord. Alle hjelpemiddel utanom omsetjingsprogram og kommunikasjon med andre var tillatne. Det betyr at elevane mellom anna kunne nyttiggjere seg av korrekturverktøyet i Word og Nynorskordboka (https://ordbokene.no/nn).

Det er særleg tre faktorar som er viktige for å sikre tilstrekkeleg validitet og reliabilitet i studiar som tek sikte på å kartlegge rettskrivingsavvik i elevtekstar. For det første må ein setje opp eit kategoriseringssystem som er tilstrekkeleg detaljert og nøyaktig til at analysane kan svare på forskingsspørsmåla som er stilte opp for studien, og for det andre må ein vere veldig grundig og presis når ein gjennom manuelle analysar av tekstane skal avdekke og kategorisere avvika. For at resultata skal ha generaliseringsverdi, må ein for det tredje analysere eit relativt stort antal tekstar. Etter ei samla vurdering av desse tre faktorane bestemte eg meg for å analysere skuletekstar skrivne av elevane som hadde nynorsk som hovudmål, i tre tilfeldig valde klassar ved skulen på Vestlandet. I klasse 1 blei det levert inn 22 skuletekstar til tentamen, og 10 av desse var skrivne av gutar, medan 12 var skrivne av jenter. Det blei levert inn 21 skuletekstar i klasse 2, og 13 av desse var skrivne av gutar, medan 8 var skrivne av jenter. I klasse 3 blei det levert inn 24 skuletekstar, og av desse var 10 skrivne av gutar, medan 14 var skrivne av jenter. Samla sett gav dette 67 skuletekstar, med nesten heilt lik fordeling av tekstar skrivne av høvesvis gutar (33) og jenter (34).

Basert på funn frå tidlegare rettskrivingsstudiar av tekstar skrivne av ungdommar med nynorsk som hovudmål (Hellevang og Helset 2022, Helset 2021) designa eg eit Excel-ark med oversikt over ulike typar avvik

frå rettskrivinga som var sannsynleg å finne i skuletekstane. I venstrekolonnen sette eg opp ei rad med ein unik kode for kvar einskild elev i kvar av dei tre klassane, systematisert slik at gutane kom øvst (med oddetalskodar), medan jentene kom nedst (med partalskodar). Overskriftene for dei fem neste kolonnane karakteriserer dei fem hovudkategoriane av avvik som blei registrerte: *Staving, Bøying, Avleiing, Leksikon* og *Andre typar avvik*. Sidan eg i denne studien har vore særleg oppteken av å undersøke kva for moglege påverkingskjelder som ligg til grunn for rettskrivingsavvika, sette eg for kvar av dei fire første hovudkategoriane opp følgjande fire underkategoriar: *Avviket fell (berre) saman med bokmål, Avviket fell (berre) saman med den lokale dialekten, Avviket fell saman både med bokmål og med den lokale dialekten* og *Avviket fell verken saman med bokmål eller med den lokale dialekten.* Det gav følgjande seksten kodar, med forklaring og autentiske eksempel:

S_B = Avvik i staving som fell saman med (berre) bokmål: åleine > *alene
S_D = Avvik i staving som fell saman med (berre) den lokale dialekten: seie > *sei
$S_{B/D}$ = Avvik i staving som fell saman både med bokmål og den lokale dialekten: ein > *en
S_V = Avvik i staving som verken fell saman med bokmål eller med den lokale dialekten: alltid > *altid
B_B = Avvik i bøying som fell saman med (berre) bokmål: banka > *banket
B_D = Avvik i bøying som fell saman med (berre) den lokale dialekten: kome > *komt
$B_{B/D}$ = Avvik i bøying som fell saman både med bokmål og den lokale dialekten: gjekk > *gikk
B_V = Avvik i bøying som verken fell saman med bokmål eller med den lokale dialekten: vore > *vert
A_B = Avvik i avleiing som fell saman med (berre) bokmål: væpna > *bevæpnede
A_D = Avvik i avleiing som fell saman med (berre) den lokale dialekten: angår > *anngår
$A_{B/D}$ = Avvik i avleiing som fell saman både med bokmål og den lokale dialekten: valdeleg > *voldelig
A_V = Avvik i avleiing som verken fell saman med bokmål eller med den lokale dialekten: forskjellig > *forskjelleg

L_B = Avvik i leksikon som fell saman med (berre) bokmål: korleis > *hvordan

L_D = Avvik i leksikon som fell saman med (berre) den lokale dialekten: de/dykk > *dekan

$L_{B/D}$ = Avvik i leksikon som fell saman både med bokmål og den lokale dialekten: ein > *man

L_V = Avvik i leksikon som verken fell saman med bokmål eller med den lokale dialekten: ja > *yess

For den femte og siste hovudkategorien, som eg altså kalla *Andre typar avvik*, var samanfall med bokmål eller dialekt ikkje relevant. Derimot fann eg det turvande å dele han inn i fem underkategoriar som eg gav følgjande kodar, med forklaring og autentiske eksempel:

Sær = Avvik ved særskriving av samansette ord: vennegjengen > *venne gjengen

Sam = Avvik ved samanskriving av to sjølvstendige ord: og så > *også

Å/og = Avvik ved bruk av «å» for «og» eller «og» for «å»: prøver å gøyme seg > *prøver og gøyme seg

L/S = Avvik ved bruk av liten bokstav der det skal vere stor bokstav: Thomas > *thomas

T = Avvik som (truleg) skuldast feiltasting på tastaturet: ikkje > *ikkkje

På dette grunnlaget markerte eg kvart einskilt avvik med korrekt kode då eg las og analyserte dei einskilde skuletekstane på papir, før eg talde opp kor mange avvik det var innanfor kvar kode i den aktuelle teksten, noko som eg då førde inn i Excel-arket fortlaupande.[4] Det samla talet på avvik for kvar elev, for gutane og for jentene kvar for seg og samla i kvar klasse og samla for alle dei tre klassane blei automatisk utfylte i sine respektive celler i Excel-arket ved hjelp av formlar. Eit så pass stort datamateriale gjev eit godt vitskapleg grunnlag for å kunne seie noko om kva for typar avvik niandeklassingar i alle fall ved denne skulen har når dei

4. Forfattaren analyserte sjølv tekstane i to av dei tre klassane, medan Birte Lindblom (2024) analyserte tekstane i éin av klassane under forfattaren si rettleiing i samband med hennar masterprosjekt, og forfattaren er takksam for at ho har gjeve han løyve til å bruke hennar analysar i denne studien.

skal skrive på hovudmålet sitt, men truleg også generelt for ungdomsskuleelevar i nynorskkommunar på Vestlandet.

3.2 Fritidstekstar

Ein god del av elevane ved skulen på Vestlandet donerte frivillig fritidstekstar til det nemnde forskingsprosjektet. Dette er autentiske private meldingar som elevane i niandeklasse hadde sendt seg imellom på Snapchat og SMS i løpet av det siste halve året før vi gjennomførte datainnsamlinga. Det knyter seg naturlegvis monalege etiske utfordringar til innsamling og lagring av denne typen data. Derfor utvikla nokre av forskarane i prosjektet prosedyrar som sikra at dette blei gjort på etisk forsvarleg vis, og som også var godkjende av Sikt før vi starta datainnsamlinga. Desse prosedyrane er grundig skildra i Lunde og Røyneland (2023), og nedanfor gjev eg derfor berre att hovudtrekka av prosedyrane som vi brukte.

I starten av datainnsamlingsperioden, som strekte seg over ei skuleveke, blei elevane bedne om å krysse av på eit skjema viss dei kunne tenke seg å dele private meldingar med prosjektet. På dette grunnlaget henta vi ut éin og éin av dei elevane som hadde sagt seg villig til å dele meldingar, og som hadde fått samtykke til dette frå føresette, frå klassane. Vi presiserte først at det var frivillig å dele, og at vi i så tilfelle berre var interesserte i meldingar som ikkje inneheldt noka form for sensitivt materiale. På dette grunnlaget skrolla elevane gjennom telefonane sine for å leite etter meldingstrådar som dei hadde hatt med éin eller fleire andre niandeklassingar ved skulen, og som dei kunne tenke seg å dele. Etter at elevane hadde funne fram til meldingstrådane dei ville dele, tok dei sjølve bilete av trådane med ein iPad eigd av Høgskulen på Vestlandet (HVL). Deretter fekk dei sjå at vi flytta skjermbileta til ei passordbeskytta mappe på ein OneDrive-server hos HVL, før dei same bileta blei sletta frå sjølve iPaden. Deretter innhenta vi tredjepartsgodkjenning frå dei andre niandeklassingane som hadde teke del i meldingstrådane. Etter at datasamlinga var over, blei meldingstrådane koda med unike kodar for kvar einskild deltakar, og dessutan transkriberte til Word-filer.

På denne måten kunne eg i studien som ligg til grunn for denne artikkelen, hente ut alle meldingstrådar som var delte av elevar i dei same tre klassane som eg henta ut skuletekstar frå. Mellom dei 67 elevane som leverte skuletekstar til tentamen i dei tre nemnde klassane, var det ikkje mindre enn 21 elevar som donerte meldingstrådar til prosjektet, og dei

fleste av desse att donerte to eller fleire trådar kvar. Dessutan var dei aller fleste meldingane i trådane sende mellom elevar i ein eller fleire av dei same tre klassane, medan berre nokre få av meldingane gjekk til og frå elevar i ein av dei tre andre klassane ved skulen. Samla sett gav dette meg eit fritidstekstmateriale bestående av 37 skjermbilete (10 frå SMS og 27 frå Snapchat) med til saman 362 meldingar og 1624 ord som i all hovudsak var skrivne av dei same elevane som hadde skrive skuletekstane som ligg til grunn for denne artikkelen.

Som allereie nemnt i kapittel 2 er det ikkje skriftspråksvariasjonen på sosiale medium og i private meldingar i seg sjølv som står i søkjelyset for denne artikkelen, og heller ikkje bruken av medialektale trekk som piktogram (emotikon, emojiar osv.), alfabetiske særteikn (majusklar, forkortingar osv.) eller engelsk. Både tidlegare studiar (sjå til dømes Helset 2021: 25) og gjennomlesingar av skuletekstane som ligg til grunn for denne studien, viser nemleg at ungdommane i all hovudsak klarer å skilje ut medialektale trekk, alfabetiske særteikn og engelsk når dei skal skrive korrekt nynorsk. Derimot blir merksemda retta mot normavvikande dialektnære former som elevane brukar i fritidstekstane, og som ligg nært opp mot rettskrivinga, sidan det er grunn til å tru at iallfall ein del elevar har problem med å skilje ut slike former når dei skal skrive korrekt nynorsk. Det gjeld då særleg normavvikande dialektnære former som dei brukar hyppig i fritidstekstane. På dette grunnlaget føretok eg derfor først ei kartlegging av dei tolv mest høgfrekvente normavvikande dialektnære formene i fritidstekstmaterialet. Deretter analyserte eg fritidstekstane ved hjelp av AntConc, eit dataprogram for korpusanalysar, som sette meg i stand til å gjere meir detaljerte frekvensanalysar. Til slutt lasta eg skuletekstmaterialet inn i AntConc, slik at eg også kunne kartlegge frekvensar av dei same tolv formene i desse formelle tekstane. På denne måten freista eg å undersøke om den dialektnære skrivinga som ungdommane praktiserer i fritidstekstane, er med på å forsterke innslaget av normavvikande dialektnære former når dei same elevane skal skrive skuletekstar på korrekt nynorsk.

3.3 Spørjegransking

Dei aller fleste av niandeklassingane ved skulen på Vestlandet svarte også på eit digitalt spørjeskjema som var utforma i Nettskjema. Skjemaet inneheldt mellom anna spørsmål knytt til sosiale bakgrunnsvariablar, språkbruk i ulike samanhengar og tryggleik og vanskar knytt til bruk av dei

offisielle norske skriftspråka. På denne måten kunne eg til denne artikkelen hente ut svara frå elevane i dei same tre klassane som eg henta ut skuletekstar frå. Så mykje som 61 av dei 67 elevane som leverte skuletekstar til tentamen i dei tre nemnde klassane, hadde svara på spørjeskjemaet, medan seks av elevane ikkje var til stades i klassane då vi gjennomførte undersøkinga. Svara som ungdommane gav, gjev innsyn i den multilektale konteksten dei lever i, samstundes som dei gjev viktig informasjon om kor trygge dei kjenner seg på rettskrivinga og kva dei sjølve meiner skaper utfordringar når dei skal skrive korrekt nynorsk.

I neste kapittel skal vi først sjå nærmare på resultatet av tre av spørsmåla i spørjegranskinga. Deretter skal vi sjå på resultatet av analysane av skuletekstane, og her vil vi vere særleg opptekne av å kartlegge i kva grad avvika frå nynorskrettskrivinga fell saman med høvesvis bokmål og dialekt. I forlenginga av dette presenterer eg frekvensar og relative frekvensar av eit utval slike normavvikande dialektnære former både i fritidstekstane og i skuletekstane. Som allereie nemnt i kapittel 2 vil resultata frå denne studien bli samanhaldne med resultata frå studien til Bjørnstad (1980) mellom ungdomsskuleelvar med nynorsk som hovudmål som vaks opp i førdigital tidsalder.

4 Resultat og drøfting

4.1 Spørjegransking

Som vist i kapittel 2 dokumenterer tidlegare studiar at ungdommar som veks opp i nynorskkommunar på Vestlandet møter ein miks av dialekt, nynorsk og bokmål i kvardagen (Helset 2021: 12), samstundes som dei i stor utstrekning driv med språkveksling når dei sjølve skriv i ulike samanhengar (Helset og Brunstad 2020: 114), der det er slik at dei «tydeleg skil mellom dei ulike kontekstane og tilpassar språkbruken etter plattform, og ikkje minst etter mottakar» (Røyneland og Vangsnes 2020: 384). At dette også gjeld ungdommane som tok del i denne studien, kjem tydeleg fram av Diagram 1 nedanfor.



Diagram 1 Språkbruk i ulike samanhengar (n = 61)

Diagram 1 viser at ein stor del av ungdommane rapporterer at dei brukar både engelsk, bokmål, nynorsk, dialekt/dialektnært og blandar ulike språk og/eller dialektar når dei skriv melding til vener, noko som viser at dei er språkvekslarar og tilpassar språkbruken etter mottakar.[5] Det siste, at dei har mottakarmedvit og tilpassar språkbruken etter mottakar, blir veldig tydeleg ved at Diagram 1 viser at heile 57 av dei 61 elevane (93,4 %) rapporterer at dei brukar nynorsk når dei skriv melding/e-post til læraren sin, medan berre sju av elevane (11,4 %) rapporterer at dei (også) brukar dialekt i denne konteksten.

Både denne studien og tidlegare studiar (Helset og Brunstad 2020, Røyneland og Vangsnes 2020) viser at ungdommar som veks opp i nynorskkommunar på Vestlandet, vekslar mellom bokmål, nynorsk og dialektnær skrift, samstundes som dei i stor utstrekning brukar det siste på sosiale medium og når dei kommuniserer med kvarandre i private meldingar. Samla sett kan dette føre til at ungdommane blir usikre på kva for former som er og ikkje er tillatne når dei skal skrive tekstar på normert nynorsk. Lat oss derfor no først sjå på kor trygge ungdommane i denne

5. Som vist i kapittel 2 skil engelsk og andre språk seg så pass markert frå nynorsk at dei unge skrivarane truleg intuitivt forstår at framandspråk ikkje høyrer heime når dei skal skrive formelle tekstar (Helset 2021: 25). Derfor har eg i denne studien ikkje rekna med engelsk eller andre framandspråk som aktuelle påverkingskjelder i skuletekstane til ungdommane, sjølv om Diagram 1 viser at fleire av ungdommane brukar engelsk når dei skriv melding til vener via SMS og sosiale medium.

studien kjenner seg når dei skal skrive korrekt nynorsk, før vi ser nærmare på kva dei sjølve meiner gjev størst utfordringar når dei skal skrive nynorsk. Diagram 2 nedanfor viser kor trygge dei kjenner seg på rettskrivinga i nynorsk.



Diagram 2 Sjølvrapportert normtryggleik i nynorsk (n = 61)

Diagram 2 viser at så mykje som 86 % av niandeklassingane kjenner seg anten svært trygge (21 %) eller ganske trygge (65 %) på rettskrivinga i nynorsk, medan berre 4 % rapporterer at dei kjenner seg anten ganske utrygge (2 %) eller svært utrygge (2 %). Dette korresponderer temmeleg bra med resultatet av ein studie mellom niandeklassingar (n = 70) ved ein ungdomsskule i ein nynorskkommune i ein annan del av Vestlandet, der 91 % av elevane svara at dei kjende seg anten svært eller nokså trygge på rettskrivinga i nynorsk (Helset 2021: 18). Sjølv om den eigenrapporterte normtryggleiken samla sett er relativt høg, merker vi oss at eit klart fleirtal av elevane i denne studien trass alt rapporterer at dei berre kjenner seg *ganske* trygge. Når vi held dette saman med at dei blir eksponerte for og sjølve brukar bokmål i ulike samanhengar, samstundes som dei sjølve brukar dialekt når dei snakkar og dialektnær skrift i private meldingar, er det interessant å sjå kva dei sjølve opplever som vanskelegast når dei skal skrive nynorsk, noko som går fram av Diagram 3 nedanfor.

Diagram 3 Sjølvrapporterte vanskar med å skilje nynorsk frå dialekt og bokmål (n = 61)

Diagram 3 viser at nesten halvparten av niandeklassingane (44 %) synest det er vanskelegast å skilje nynorsk frå dialekt, medan ein tredjedel (33 %) synest det er vanskelegast å skilje nynorsk frå bokmål. Det at klart fleire av elevane vurderer det slik at dei oftare blandar inn ord og former frå dialekten sin enn dei blandar inn ord og former frå bokmål når dei skal skrive nynorsk, er eit interessant funn. Vi har sett at ungdommane er medvitne om at ulike skrivesituasjonar krev ulike skriftspråk, og at dei tilpassar språkbruken etter medium og mottakar. Dette resultatet viser at fleirtalet av ungdommane også er medvitne om at det kan vere vanskeleg for dei å unngå å drage med seg former frå dialekten og den dialektnære skrivinga som avvik frå rettskrivinga når dei skal skrive normert nynorsk, sjølv om dei er klar over at skrivesituasjonen krev at dei held seg til normert nynorsk.

4.2 Skuletekstar

Skuletekstmaterialet består altså av tentamenssvar frå 67 niandeklassingar med nynorsk som hovudmål, og inneheld til saman 88439 ord, noko som gjev ei gjennomsnittslengd på 1320 ord per tekst, det vil seie tett opp under forventa svarlengd på om lag 1400 ord. Analysane viser at det til saman er 5346 avvik frå nynorskrettskrivinga i tekstane, noko som gjev 6,0 avvik per 100 ord eller 6,0 % avvik. Kan hende er det grunnlag for å hevde at det er nokså bra samsvar mellom denne faktiske normkompe-

tansen og den eigenrapporterte kompetansen til elevane, der vi altså har sett at 65 % av elevane rapporterer at dei kjenner seg ganske trygge på rettskrivinga i nynorsk.

Lat oss no samanhalde resultata frå denne ferske studien med resultat frå studien til Bjørnstad (1980: 83), som undersøker rettskrivinga i norskstilar skrivne av 21 niandeklassingar (9 jenter og 12 gutar) med nynorsk som hovudmål i Nord-Gudbrandsdalen skuleåret 1976/1977. Den samla ordmengda i datamaterialet til Bjørnstad (1980: 85, 173, 190) er 10 885, og analysane hans viser at det til saman er 640 avvik frå nynorskrettskrivinga i tekstane, noko som gjev 5,9 avvik per 100 ord. Samla sett hadde niandeklassingane som Bjørnstad (1980) undersøkte, altså marginalt færre avvik per 100 ord som niandeklassingane i denne studien. I denne samanlikninga er det likevel viktig å ha to faktorar i mente. Den eine faktoren er at Bjørnstad (1980), i motsetnad til meg, har talt med avvik som gjeld syntaktiske forhold, slik som konjunksjons- og preposisjonsbruk, noko som aukar det samla talet på avvik monaleg og dermed talet på avvik per 100 ord. Den andre faktoren er at elevane i studien til Bjørnstad (1980) berre hadde trykte ordlister som hjelpemiddel, medan elevane i denne studien både hadde korrekturverktøyet i Word og digitale ordbøker som til dømes Nynorskordboka (https://ordbokene.no/nn) som hjelpemiddel. Med desse to faktorane i mente burde vi forvente at elevane i denne studien skåra klart betre enn elevane i studien til Bjørnstad (1980).

Det er vidare verdt å merke seg at det i båe studiar for det første er gruppeskilnader mellom jentene og gutane og for det andre etter måten store individuelle skilnader. I denne studien hadde jentene i gjennomsnitt 4,8 avvik per 100 ord, medan gutane i gjennomsnitt hadde 9,3 avvik per 100 ord, dvs. at gutane hadde nesten dobbelt så mange avvik som jentene. Dette er nokså slåande tal. I studien til Bjørnstad (1980: 173) hadde jentene i gjennomsnitt 5,6 avvik per 100 ord, medan gutane i gjennomsnitt hadde 6,2 avvik per hundre ord, dvs. at det var klart mindre skilnad mellom jentene og gutane i den studien enn i denne studien, men likevel altså ein viss skilnad. Den svakaste skrivaren i denne studien har heile 22,6 avvik per 100 ord, medan den sterkaste skrivaren berre har 0,7 avvik per 100 ord, noko som gjev ei variasjonsbreidd på 21,9. I materialet til Bjørnstad (1980: 194), som vel å merke bestod av klart færre tekstar, er variasjonsbreidda mykje mindre, nærmare bestemt 12,8.

4.2.1 Avvikskategoriar

Som forklara i kapittel 3 er dei 5346 avvika registrerte i fem hovudkategoriar. Så mykje som 41,4 % (2217) av alle avvika gjeld hovudkategorien *Staving*. Deretter følgjer avvik i *Bøying*, som utgjer 27,3 % (1461) av avvika, *Andre typar avvik*, som utgjer 25,4 % (1359) av avvika, avvik i *Leksikon*, som utgjer 4,6 % (247) av avvika, og til slutt avvik i *Avleiing*, som utgjer 1,1 % (62) av avvika. Bjørnstad (1980) opererer med litt andre avvikskategoriar enn eg har gjort i denne studien, men dei er likevel så pass like at eg finn det rimeleg å gjere samanlikningar på tvers. Den hovudkategorien som har flest avvik i studien til Bjørnstad (1980: 176), er *Ortografiske avvik*, som utgjer 47,0 % av alle avvik. Deretter følgjer *Morfosyntaktiske avvik* og *Leksikalske avvik* som utgjer høvesvis 36,1 % og 16,9 % av alle avvik. Dette viser at Bjørnstad (1980) fann same hovudtendens på slutten av 1970-talet som eg finn i denne studien, dvs. at elevane både då og no hadde størst problem med stavinga, dernest med bøyinga og mindre problem med leksikon.

I neste delkapittel skal vi sjå nærmare på kva for moglege påverkingskjelder som kan ligge til grunn for avvik frå skriftstandarden i skuletekstane, men før vi kjem dit, skal vi kort sjå på korleis det samla talet på avvik fordeler seg på dei fem førehandsoppstilte underkategoriane i den eine hovudkategorien der påverknad frå bokmål eller frå den lokale dialekten ikkje er relevant, altså *Andre typar avvik*. Om lag ein tredjedel (32,3 %) av dei til saman 1359 avvika i denne hovudkategorien finn ein i underkategorien *Blanding og/å*, medan om lag ein fjerdedel blei registrerte i kvar av dei to underkategoriane *Blanding stor/liten førebokstav* (25,6 %) og *Særskriving* (24,3 %). Klart mindre andelar av avvika blei registrerte i underkategoriane *Tastefeil* (13,5 %) og *Samskriving* (3,6 %).

4.2.2 Kjelder til avvik

Som nemnt i kapittel 1 møter ungdommar som veks opp nynorskkommunar på Vestlandet ein miks av dialekt, nynorsk og bokmål i kvardagen (Helset 2021: 12), samstundes som den store majoriteten av dei brukar dialektnær skrift når dei kommuniserer med vener på sosiale medium (Helset og Brunstad 2020: 108, Røyneland og Vangsnes 2020: 358). At dette også gjeld ungdommane som tok del i denne studien, blir stadfesta av resultata av spørjegranskinga presentert i kapittel 4.1 ovanfor, som dessutan viser at nesten halvparten av ungdommane (44 %) meiner dei har størst vanskar med å skilje nynorsk frå dialekt, medan ein tredjedel

(33 %) meiner dei har størst vanskar med å skilje nynorsk frå bokmål. Desse tala er likevel berre rapporterte vanskar, og det er ikkje alltid samsvar mellom rapporterte og dokumenterte vanskar. Lat oss no derfor sjå nærmare på korleis dei nemnde påverkingskjeldene gjev seg utslag i dei nynorske skuletekstane skrivne av dei 67 niandeklassingane ved skulen på Vestlandet.

Som forklara i kapittel 3 sette eg for kvar av dei fire hovudkategoriane *Staving, Bøying, Avleiing* og *Leksikon* opp følgjande fire underkategoriar: *Avviket fell (berre) saman med bokmål, Avviket fell (berre) saman med den lokale dialekten, Avviket fell saman både med bokmål og med den lokale dialekten* og *Avviket fell verken saman med bokmål eller med den lokale dialekten.* Det er altså 5346 avvik i det samla skuletekstmaterialet, og sidan 1359 av desse gjeld *Andre typar avvik* der påverknad frå bokmål eller frå den lokale dialekten ikkje er relevant, stod eg att med 3987 avvik frå nynorskrettskrivinga som skulle bli plasserte i ein av dei ovanfor nemnde underkategoriane av moglege kjelder til avvik. Diagram 4 nedanfor viser den prosentvise fordelinga mellom dei fire underkategoriane, og i diagrammet har eg sett inn to autentiske eksempel på avvik innanfor kvar av underkategoriane.



Diagram 4 Fordeling mellom ulike kjelder til avvik i prosentdelar

Diagram 4 viser at heile 38,5 % (1537) av desse avvika berre fell saman med den lokale dialekten, medan ikkje meir enn 18,2 % (724) av dei berre fell saman med bokmål og 14,1 % (561) av dei fell saman med både bokmål og den lokale dialekten. Om vi slår saman avvika som berre fell saman

med den lokale dialekten med halvparten av avvika som fell saman med både bokmål og den lokale dialekten, vil desse til saman utgjere 45,6 % av alle avvik i dei fire nemnde hovudkategoriane. Om vi slår saman avvika som berre fell saman med bokmål med halvparten av avvika som fell saman både med bokmål og den lokale dialekten, vil desse til saman utgjere 25,2 % av alle avvik i dei fire nemnde hovudkategoriane. Det at nesten halvparten (44 %) av niandeklassingane synest det er vanskelegast å skilje nynorsk frå dialekt, medan om lag ein tredjedel (33 %) synest det er vanskelegast å skilje nynorsk frå bokmål, stemmer med andre ord godt overeins med dei her dokumenterte rettskrivingsvanskane. Dei resterande 29,2 % (1165) av avvika frå nynorskrettskrivinga hadde ikkje samanfall verken med den lokale dialekten eller med bokmål. Tabell 1 nedanfor viser antal og andel avvik fordelt på dei ulike hovudkategoriane og på dei ulike moglege påverkingskjeldene med nokre autentiske eksempel frå skuletekstane innanfor kvar hovudkategori og påverkingskjelde.

Tabell 1 Antal og prosentdelar avvik innanfor hovudkategoriane og moglege påverkingskjelder

	Avviks-kjelde	**Dialekt**	**Bokmål**	**Både bokmål og dialekt**	**Verken bokmål eller dialekt**	**Sum**
Hovud-kategoriar	Antal (%)	1537 (38,5 %)	724 (18,2 %)	561 (14,1 %)	1165 (29,2 %)	3987 (100 %)
Staving	2217 (41,5 %)	1029 seie > *sei	226 heile > *hele	327 hemn > *hevn	635 alltid > *altid	2217
Bøying	1461 (27,3 %)	416 (har) kome > (har) *komt	480 (i går) banka > (i går) *banket	108 (i går) gjekk > (i går) *gikk	457 (har) vore > (har) *vert	1461
Andre typar avvik	1359 (25,4 %)	Ikkje relevant	Ikkje relevant	Ikkje relevant	Ikkje relevant	
Leksikon	247 (4,6 %)	82 korleis > *kordan	6 korleis > *hvordan	97 ein > *man	62 iallfall > *i vert fall	247
Avleiing	62 (1,1 %)	10 angår > *anngår	12 forelesing > *forelesning	29 valdeleg > *voldelig	11 forskjellig > *forskjelleg	62
Sum	5346 (100 %)	1537	724	561	1165	3987

Som nemnt i kapittel 2 viser også andre, nyare studiar (Hellevang og Helset 2022: 60, Helset 2021: 22), ikkje overraskande, at både avvik som fell saman med bokmål og avvik som fell saman med den lokale dialekten, utgjer nokså store delar av avvika i hovudmålstekstar skrivne av ungdommar som veks opp i nynorskkommunar på Vestlandet. Det same kan seiast om studien til Bjørnstad (1980) av tekstar skrivne av niandeklassingar med nynorsk som hovudmål i Nord-Gudbrandsdalen i førdigital tidsalder. Bjørnstad (1980: 200) finn nemleg at 24,8 % av avvika i hans materiale har samanfall med den lokale dialekten, medan 24,8 % av avvika har samanfall med bokmål og 10,8 % har samanfall både med talemålet til elevane og med bokmål, altså ei heilt jamn fordeling mellom dialektsamanfall og bokmålssamanfall.[6] Johnsen (2009: 57), som har gått gjennom seks større rettskrivingsstudiar som er gjennomførde mellom nynorskbrukarar i perioden 1980–2008, konkluderer med at «[a]lle studiane finn at nynorskbrukarar har mykje bokmålskorrelasjon. Ein tendens er også at avvik med talemålssamsvar er omfattande i høve til andre avvik, men mykje mindre enn bokmålskorrelerande avvik.» Dialektsamanfall utgjer med andre ord ein høgre andel av avvika i denne ferske studien mellom heildigitale skrivarar enn i studien til Bjørnstad (1980) og i dei andre rettskrivingsstudiane mellom skrivarar i førdigital tidsalder.

Samla sett gjev desse studiane eit sterkt vitskapleg grunnlag for å hevde at ungdommar som veks opp i nynorskkommunar, har utfordringar knytt til påverknad frå det nasjonalt dominerande skriftspråket bokmål og frå sin eigen dialekt. Når både denne studien og andre studiar samstundes viser at dei møter og brukar ein miks av dialekt, nynorsk og bokmål i kvardagen (Helset 2021, Helset og Brunstad 2020), er det gode grunnar for å hevde at utfordringane nynorskungdommen har knytt til rettskriving på hovudmålet sitt, heng tett saman med den multilektale konteksten dei lever i. For å undersøke i kva grad skuletekstane til ungdommane i denne studien er påverka av normavvikande dialektnære former som dei brukar når dei kommuniserer med kvarandre i private meldingar, presenterer eg i neste kapittel frekvensar og relative frekven-

6. Bjørnstad (1980) opererer i tillegg med ein kategori som han kallar «talemålet allment», og som utgjer 13,4 % av avvika, men i denne kategorien reknar han med fleire typar avvik som ikkje er medrekna under moglege påverkingskjelder i denne studien, slik som til dømes avvik i form av særskriving og samskriving, avvik i konjunksjonsbruk og avvik i samsvarsbøying. Dermed er det berre ein del av desse avvika som svarar til avvik som er rekna med under dialektsamanfall i denne studien.

sar av eit utval slike normavvikande dialektnære former både i fritidstekstane og i skuletekstane.

4.3 Fritidstekstar og skuletekstar

Fritidstekstmaterialet inneheld altså 37 skjermbilete med til saman 362 meldingar og 1624 ord som i all hovudsak var skrivne av dei same elevane som hadde skrive skuletekstane som ligg til grunn for studien. Som argumentert for i kapittel 2 er det gode grunnar til å undersøke i kva grad særleg normavvikande dialektnære former som ligg nært opp mot rettskrivinga, og som ungdommane brukar veldig ofte og mykje i private meldingar (slik som **me* i staden for *med* og **sei* i staden for *seier*), kan bli overførte til nynorsktekstane deira. Diagram 1 ovanfor viser at ungdommane i denne studien i stor utstrekning brukar normavvikande dialektnære former når dei melder med vener, og Fritidstekstutdrag 1 og 2 nedanfor er autentiske eksempel på språklege uttrykksformer som ungdommane brukar når dei kommuniserer med kvarandre på SMS og Snapchat.

Fritidstekstutdrag 1, som viser SMS-meldingar mellom to jenter i éin og same klasse.
102: Åja
122: Men vil di at eg komma til deg??
102: Jaaa
102: Kan du
122: Veit ikkje da e litt langt
102: Nei pliz har vont i magen 🥺💔💔
122: Nja eg har liksom 40 i feber men ok...
102: Takk!

Fritidstekstutdrag 2, som viser Snapchat-meldingar mellom to jenter i to ulike klassar.
140: Sei ifra når du reise då
324: Oki
324: I am here
324: Nesten
324: Slay
324: Ka e da
324: Da e jo ikke rart

140: Nei men no er eg redd og må skru ned lyden lver gong eg går inn på storyen din og det er skummelt
324: Hahalol

Dei to utdraga må kunne seiast å vere nokså typiske og illustrerande for fritidstekstmaterialet som ligg til grunn for denne studien, og dei indikerer at bruken av emojiar (😍💔), forkorting *(lol)*, forlenging (*Jaaa*) og engelsk (*I am here*) er utbreidd når ungdommane kommuniserer med kvarandre i private meldingar. Sidan både tidlegare studiar (Helset 2021: 25) og gjennomlesingar av skuletekstane som ligg til grunn for denne studien, viser at ungdommane i all hovudsak klarer å skilje ut denne typen medialektale trekk og engelsk når dei skal skrive korrekt nynorsk, er det ikkje desse som står i søkjelyset her. Derimot indikerer utdraga at også bruken av normavvikande dialektnære former er utbreidd i private meldingar, sidan vi i dei to korte utdraga finn former som **da* (vs. *det*) og **ka* (vs. *kva*). For å undersøke om den utstrekte bruken av denne typen former i private meldingar kan bli overført til nynorsktekstane til ungdommane skal vi sjå på Tabell 2 nedanfor, som viser antal førekomstar av dei tolv mest høgfrekvente normavvikande dialektnære formene i fritidstekstmaterialet og antal førekomstar av dei same tolv formene i skuletekstmaterialet, med tilhøyrande relative frekvensar.

Tabell 2 avdekker, ikkje overraskande, at det i ein god del av tilfella er slik at dei aller fleste elevane klarer å skrive korrekt nynorsk i skuletekstane, sjølv om vi finn monalege innslag av normavvikande former i fritidstekstane deira. Til dømes er det slik at medan så mykje som høvesvis 77,3 % og 94,4 % av førekomstane av orda *er* og *kva* er skrivne på dei normavvikande formene **e* og **ka* i fritidstekstane, er 99,9 % av førekomstane av ordet *er* og 97,7 % av førekomstane av ordet *kva* korrekt stava i skuletekstane. Det indikerer at dei aller fleste elevane klarer å skilje mellom dei normavvikande dialektnære formene som dei brukar i private meldingar når dei skal skrive korrekt nynorsk for akkurat desse to tilfella. Ein kan seie at mykje av den same tendensen gjeld for ordformene **ska* vs. *skal*, **va* vs. *var* **da/d/de* vs. *det*, **ve* vs. *vere* og **me* vs. *med*. Det at så pass mykje som 7,1 % av alle førekomstane av ordet *med*, er stava som **me* i skuletekstane, indikerer likevel at ein god del ungdommar dreg med seg normavvikande former frå fritidsskrivinga inn i nynorsken. Denne tendensen er endå tydelegare for 3. person fleirtal av personleg pronomen, der til saman 13,0 % av førekomstane i skuletekstane er

Tabell 2 Antal dialektnære avvik frå nynorskrettskrivinga i fritidstekstane og skuletekstane, rangert etter relativ frekvens av denne typen avvik i skuletekstane.[7]

	Fritidstekstar (1624 ord i alt)		Skuletekstar (88439 ord i alt)	
***Avvikande form(er) Korrekt(e) form(er)**	Frekvens	Relativ frekvens	Frekvens	Relativ frekvens
***e**	34	77,3 %	15	0,01 %
er	10	22,7 %	1568	99,9 %
***ska**	5	17,2 %	6	1,3 %
skal	24	82,8 %	444	98,7 %
***va**	4	44,4 %	18	1,9 %
var	5	55,6 %	945	98,1 %
***ka**	17	94,4 %	8	2,3 %
kva	1	5,6 %	334	97,7 %
***da**	28	50,0 %	88	3,3 %
***d**	9	16,1 %	0	0,0 %
***de**	7	12,5 %	10	0,4 %
det	12	21,4 %	2566	96,3 %
***ve**	4	50,0 %	9	5,8 %
vere	4	50,0 %	146	94,2 %
***me**	10	58,8 %	74	7,1 %
med	7	41,2 %	964	92,9 %
***di**	4	26,7 %	67	6,1 %
***de**	3	20,0 %	76	6,9 %
dei	8	53,3 %	960	87,0 %
***dekan**	5	83,3 %	34	87,1 %
de	1	16,7 %	4	10,3 %
dykk	0	0,0 %	1	2,5 %

skrivne anten som **di* eller som **de*, altså former som avvik frå nynorskrettskrivinga, og som elles utgjer om lag halvparten (46,7 %) av førekomstane av dette ordet i fritidstekstane.

Det tydelegaste teiknet på at mykje brukte normavvikande former frå fritidsskrivinga slår inn når nynorskungdommen skal skrive formelle tekstar på hovudmålet sitt, finn vi i former for 2. person fleirtal. Tabell 2 viser nemleg at heile 87,1 % av førekomstane i skuletekstane er skrivne på den normavvikande forma **dekan*, samstundes som 83,3 % av føre-

7. I nokre av desse tilfella er det slik at ungdommane brukar ulike normavvikande dialektnære former for det same ordet i fritidstekstane, og i dei tilfella har eg talt opp førekomstane av alle formene, slik som til dømes *det* > **da/d/de*. Når det gjeld forma **me*, har eg sjølvsagt berre talt opp førekomstar der denne forma er brukt som preposisjon, og ikkje rekna med førekomstar det denne forma brukt som personleg pronomen, som ho er tillaten som i nynorsk.

komstane av dette ordet er skrivne på denne forma i fritidstekstane. Teoretisk og metodisk kan ein ikkje utelukke at den utbreidde bruken av normavvikande former i skuletekstane berre botnar i dialekten til ungdommane, altså måten dei snakkar på, og ikkje i det faktum at dei brukar desse formene hyppig i private meldingar. Når ein kombinerer den her påviste nære samanhengen mellom førekomstar av slike former i fritidstekstar og skuletekstar med det faktum at veldig mange ungdommar produserer store mengder destandardisert tekst på sosiale medium og i private meldingar, finn eg det likevel sannsynleg at bruken av normavvikande dialektnære former frå sistnemnde skrivepraksisar kan forsterke innslaget av dei same destandardiserte formene når ungdommen skal skrive korrekt nynorsk. Dessutan såg vi førre delkapittel at dialektsamanfalla utgjer ein større andel av avvika i denne studien enn i studien til Bjørnstad (1980) mellom nynorskskrivarar i førdigital tidsalder, noko som peikar i same lei.

Som eg strekar under i kapittel 2, kan den dialektnære skrivinga som dagens ungdommar praktiserer i private meldingar, vere eit uttrykk for at dialekten er viktig for identiteten deira, og sidan dialekten ligg nært opp mot nynorsk, kan denne praksisen også føre til at dei held fram med å vere nynorskbrukarar også som vaksne. Ikkje dess mindre meiner eg at resultata frå denne studien viser at skuleverket og norsklærar må vere medvitne om og setje inn tiltak mot påverknad frå den normavvikande dialektnære skrivinga i private meldingar og på sosiale medium når dei same ungdommane skal skrive normert nynorsk. Til dømes kan ein på ulike klassetrinn gje elevane i oppgåve å omsetje eigne private meldingar til normert nynorsk, i første omgang utan tilgang til hjelpemiddel, og i neste omgang med tilgang til Nynorskordboka (https://ordbokene.no/nn). Deretter kan klassen drøfte likskapar og skilnader mellom den lokale dialekten og nynorsk i plenum. Eit slikt didaktisk opplegg med utgangspunkt i elevane si eiga fritidsskriving kan tenkast å vere både motiverande og medvitsgjerande for elevane.

5 Konklusjon

Føremålet med studien som ligg til grunn for denne artikkelen, har vore å kartlegge omfanget av ulike avvikstypar og påverkingskjelder som kan ligge til grunn for avvik frå skriftstandarden mellom ungdommar som

veks opp på Vestlandet og som har nynorsk som hovudmål, og å sjå avvika frå skriftstandarden i lys av den multilektale konteksten ungdommane lever i.

Analysane av hovudmålstentamenar skrivne av 67 niandeklassingar med nynorsk som hovudmål, viser at det er grunn til å tru at nesten halvparten (45,6 %) av rettskrivingsavvika botnar i påverknad frå dialekten til ungdommane og den normavvikande dialektnære skrivinga som dei praktiserer i stor utstrekning når dei skriv private meldingar til kvarandre, medan ein fjerdedel (25,2 %) av avvika botnar i påverknad frå bokmål. Dei her dokumenterte funna av fordeling mellom ulike påverkingskjelder samsvarar godt med dei eigenrapporterte vanskane slik dei kjem fram av svara som 61 av 67 av dei same niandeklassingane gav på eit spørjeskjema, som viser at 44 % av niandeklassingane synest det er vanskelegast å skilje nynorsk frå dialekt, medan 33 % synest det er vanskelegast å skilje nynorsk frå bokmål. Vi har også sett at andre, nyare studiar (Hellevang og Helset 2022: 60, Helset 2021: 22) viser at både avvik som fell saman med bokmål og avvik som fell saman med den lokale dialekten, utgjer nokså store delar av avvika i hovudmålstekstar skrivne av ungdommar som veks opp i nynorskkommunar på Vestlandet. Det same kan seiast om studien til Bjørnstad (1980) av tekstar skrivne av niandeklassingar med nynorsk som hovudmål i Nord-Gudbrandsdalen i førdigital tidsalder. Til saman gjev desse studiane eit sterkt vitskapleg grunnlag for å hevde at ungdommar som veks opp i nynorskkommunar, både har problem med å skilje nynorsk frå den lokale dialekten og med å skilje nynorsk frå det nasjonalt dominerande skriftspråket bokmål.

Det er vidare grunn til å rekne med at desse utfordringane heng saman med den multilektale konteksten dei lever i. For det første møter nemleg ungdommar som veks opp i nynorskkommunar på Vestlandet ein miks av dialekt, nynorsk og bokmål i kvardagen (Helset 2021). For det andre driv dei i stor utstrekning med språkveksling sjølve (Helset og Brunstad 2020). At dette også gjeld dei aller fleste av ungdommane som tok del i denne studien, blir stadfesta av svara som dei gav på det nemnde spørjeskjemaet.

I denne artikkelen har vi også sett at store kvantitative studiar viser at majoriteten av nynorskungdommen brukar dialektnær skrift når dei kommuniserer med vener på sosiale medium og i private meldingar (Helset og Brunstad 2020, Røyneland og Vangsnes, 2020). Sjølv om dei same studiane dokumenterer at ungdommane er medvitne om at ulike kom-

munikative kontekstar krev ulike skriftlege uttrykksformer, og sjølv om både denne studien og ein studie av Helset (2021) viser at ungdommane klarer å skilje ut typisk medialektale trekk og engelsk frå sosiale medium og private meldingar når dei skal skrive formelle tekstar, er det likevel ikkje gjeve at dei også klarer å skilje ut normavvikande dialektnære former som dei brukar på sosiale medium og i private meldingar. Derfor undersøkte eg i denne studien i kva grad ein finn innslag av høgfrekvente slike former frå autentiske fritidstekstar som ungdommane hadde skrive, i skuletekstane til dei same ungdommane. Resultatet viser eit ikkje ubetydeleg innslag av normavvikande dialektnære former som **me* (for *med*), **di* og **de* (for *dei*) og **dekan* (for *de* eller *dykk*) også i dei formelle tekstane, noko som gjev indikasjonar på at den dialektnære skrivinga som ungdommane praktiserer i sosiale medium og private meldingar, er med på å forsterke innslaget av normavvikande dialektnære former når dei skal skrive nynorsk. At dialektsamanfalla utgjer ein større andel av avvika i denne studien enn i studien til Bjørnstad (1980) av nynorskskrivarar i førdigital tidsalder, peikar i same lei.

Litteratur

Androutsopoulos, Jannis og Florian Busch. 2020. Register des Graphischen. Skizze eines Forschungsansatzes. I *Register des Graphischen. Variation, Interaktion und Reflexion in der digitalen Schriftlichkeit*, red. Jannis Androutsopoulos og Florian Busch, 1–30. Berlin: De Gruyter. https://doi.org/10.1515/9783110673241-001

Bjørnstad, Anders. 1980. Skriftspråk og talemål. Ein språkleg og sosiokulturell studie av skriftspråket til skuleelevar i eit bygdesamfunn (Vågå i Oppland). Hovudfagsoppgåve, Universitetet i Oslo.

Blommaert, Jan. 2013. Writing as a sociolinguistic object. *Journal of Sociolinguistics* 17(4), 440–459. https://doi.org/10.1111/josl.12042

Bryn, Sigrid. 2023. Normeringsavvik i ulike skrivesituasjonar – Ei gransking av normeringsavvik hjå eit utval ungdomar i eit fokusert språksamfunn. Masteroppgåve. Høgskulen på Vestlandet. https://hdl.handle.net/11250/3100556

Christoffersen, Mie Bligaard. 2016. Digitale spor på papiret: En korpusundersøgelse af danske gymnasieelevers tekstnormer, tekstlogikker og brug af digitale skriveredskaber. Doktorgradsavhandling.

Københavns universitet.
Coats, Steven. 2024. Language of Social Media and Online Communication in Germanic. *Oxford Research Encyclopedia of Linguistics.* https://doi.org/10.1093/acrefore/9780199384655.013.1039
Cutler, Cecelia og Unn Røyneland (red.). 2018. *Multilingual Youth Practices in Computer Mediated Communication*. Cambridge: Cambridge University Press.
Deumert, Ana. 2014. *Sociolinguistics and Mobile Communication*. Edinburgh: Edinburgh University Press. https://doi.org/10.1515/9780748655755
Eiksund, Hjalmar. 2017. Eitt språk – to kompetansar: føresetnader for sidemål. I *Norsk som reiskaps- og danningsfag*, red. Birgitte Fondevik og Pål Hamre, 258–83. Oslo: Det norske samlaget.
Eiksund, Hjalmar. 2020. Å kunne skilje bokmål frå nynorsk frå dialekt: Skriveutvikling hos eit utval elevar frå sjette til tiande trinn. *Maal og Minne* 112 (hefte 1), 27–64.
Garatun, Maria Kristin. 2023. Multilektal skriving hos ungdommar på Vestlandet – Ein studie av dialektbruk på digitale, sosiale medium hos to grupper ungdommar på Vestlandet. Masteroppgåve. UiT Noregs arktiske universitet. https://hdl.handle.net/ 10037/30048
Hellevang, Anna Kirsten Aaland og Stig J. Helset. 2022. Normkompetanse hos vg3-elevar med nynorsk som hovudmål – ein studie av avvikstypar og moglege påverknad frå dialekt og bokmål. I *Form og formidling knytt til nynorsken*, red. Stig J. Helset og Endre Brunstad, 45–68. Oslo: Cappelen Damm Akademisk. https://doi.org/10.23865/noasp.175
Helset, Stig J. og Endre Brunstad. 2020. Språkveksling på grunnlag av tekstnormer og mottakarforventingar mellom ungdomar i det nynorske kjerneområdet. I *Vilkår for nynorsk mellom barn og unge*, red. Gudrun Kløve Juuhl, Stig J. Helset og Endre Brunstad, 93–118. Oslo: Cappelen Damm Akademisk. https://doi.org/10.23865/noasp.106
Helset, Stig J. 2021. Norm competence among multilingual youth in Western Norway. *Linguistic Minorities in Europe Online: A Born-Digital, Multimodal, Peer-Reviewed Online Reference*. http://dx.doi.org/10.1515/lme.14813238
Heuman, Anna. 2021. Acceptable language online: Negotiating the impact of digital affordances. I *Analyzing Digital Discourses*, red. Marjut

Johansson, Sanna-Kaisa Tanskanen og Jan Chovanec, 163–187. Palgrave Macmillan. https://doi.org/10.1007/978-3-030-84602-2_7

Honkanen, Mirka. 2023. Orthography and the Sociolinguistics of Writing. *Oxford Research Encyclopedias, Linguistics*, 1–19. https://doi.org/10.1093/acrefore/9780199384655.013.998

Hårstad, Stian. 2021. Digital skriving under den sosiolingvistiske lupen: Har det skjedd en språklig revolusjon? I *Morsmålsfaget som fag og forskningsfelt i Norden*, red. Lennart Jølle, Ann Sylvi Larsen, Hildegunn Otnes og Leiv Inge Aa, 21–45. Oslo: Universitetsforlaget. https://doi.org/10.18261/9788215050997-2021-03

Hårstad, Stian. 2023. Språkkulturar i endring: Oppmoding om ein norsk skriftsosiolingvistikk. I *Nynorsk samtidslitteratur og skriftkultur. Festskrift til Geir Hjorthol*, red. Anemari Neple, Stig J. Helset og Endre Brunstad, 189–216. Oslo: Cappelen Damm Akademisk. https://doi.org/10.23865/noasp.204.ch9

Issahaku, Mohammed Salifu, Gideon Selorm Agbotsu og Mohammed Hassan Jibril. 2020. Effects of social network sites on teacher trainees' grammar and spelling skills in Ghanian tertiary institutions. *International Journal of Psychology and Education* 4(4), 133–143. https://journals.uew.edu.gh/index.php/ijope/article/view/38/25

Johnsen, Randi. 2009. Rettskrivingsstudiar etter 1980 : ein komparativ analyse av studiar i nynorsk og bokmål. Masteroppgåve, Universitetet i Oslo.

Lillis, Theresa. 2013. *The Sociolinguistics of Writing*. Edinburgh: Edinburgh University Press. https://doi.org/10.1515/9780748637492

Lindblom, Birte. 2024. Normkompetanse hjå nynorsk og bokmålselevar: Ein rettskrivingsstudie av to 9.-klasser med ulike hovudmål. Masteroppgåve. Høgskulen i Volda. https://hdl.handle.net/11250/3139587

Lunde, Kirsti og Unn Røyneland. 2023. Prosedyre for innsamling av private meldingar. https://osf.io/jn5t2/

Medietilsynet. 2024. Delrapport: Barn og unges medievaner og tilgang til teknologi. https://www.medietilsynet.no/globalassets/publikasjoner/barn-og-medier-undersokelser/2024/241128_barn_og_medier_2024.pdf

Michael, Chris JD. 2025. Social Media and Language Standardization: Analyzing the Effects of Online Communication on Grammar and Syntax. *Iconic Research And Engineering Journals* 8(8), 485–492. https://www.irejournals.com/paper-details/1707190

Opinion. 2020. Befolkningsundersøkelse for Språkrådet 2020 (Rapport 7. oktober 2020). https://sprakradet.no/wp-content/uploads/20201007_sprakradet_befolkningsundersokelse-2020.pdf

Oslo Economics. 2024. Norsklærerens kompetanser, roller og ansvar – Sammenstilling av funn fra spørreundersøkelse om skriveopplæringen i grunnskolen. Mai 2024. Utarbeidet på oppdrag av Språkrådet. https://sprakradet.no/wp-content/uploads/Rapport-om-norsklaererens-kompetanser-roller-og-ansvar_mai-2024.pdf

Røyneland, Unn. 2018. Virtually Norwegian: Negotiating language and identity on YouTube. I *Multilingual Youth Practices in Computer Mediated Communication*, red. Cecelia Cutler og Unn Røyneland, 145–168. Cambridge: Cambridge University Press. https://doi.org/10.1017/9781316135570

Røyneland, Unn og Øystein A. Vangsnes. 2020. Joina du kino imårgå? Ungdommars dialektskriving på sosiale medium. I *Bauta: Janne Bondi Johannessen in memoriam, Oslo Studies in Language* 11(2), red. Kristin Hagen, Arnstein Hjelde, Karine Stjernholm og Øystein A. Vangsnes, 357–392. https://doi.org/10.5617/osla.8508

Sebba, Mark. 2007. *Spelling and Society: The culture and politics of orthography around the world*. Cambridge: Cambridge University Press. https://doi.org/10.1017/CBO9780511486739

Stæhr, Andreas. 2016. Languaging and normativity on Facebook. I *Engaging Superdiversity: Recombining Spaces, Times and Language Practices*, red. Karel Arnaut, Martha Sif Karrebak, Massimiliano Spotti og Jan Blommaert, 170–195. Bristol, Blue Ridge Summit: Multilingual Matters.

Stæhr, Andreas Candefors, Malene Monka, Pia Quist og Anne Larsen. 2019. Dialect in the Media. Mediatization and Processes of Standardization. I *Standardization as sociolinguistic change: A transversal study of three traditional dialect areas*, red. Marie Maegaard, Malene Monka, Kristine Køhler Mortensen og Andreas Candefors Stæhr, 169–189. New York: Routledge. https://doi.org/10.4324/9780429467486

Støfring, Anita Steinsbø. 2019. Rettskriving i nynorsk og bokmål: Ein studie av substantiv og verb i tekstar skrivne av elevar på 7. trinn. Masteroppgåve, Høgskulen på Vestlandet. http://hdl.handle.net/11250/2605894

Søyland, Aud. 2001. Typar feil i norsk. Norsk språkråd.

Wetås, Åse. 2001. Undersøking av formbruken i ulike typar upublisert materiale på nynorsk. Norsk Språkråd.

Wilson, Fredrick. 2018. The Effect of Social Media on the Spelling Ability of Students: A Case Study of Federal College of Education (FCE) Yola. *Edelweiss Applied Science and Technology, Learning Gate* 2(1), 262–274. https://learning-gate.com/index.php/2576-8484/article/view/254/128

Woolard, Kathryn A. 2016. *Singular and Plural: Ideologies of Linguistic Authority in 21st Century Catalonia*. New York: Oxford University Press.

Abstract

This article discusses how norm deviations in texts written by adolescents with Norwegian Nynorsk as their main language are related to the multilectal situation they live in. The empirical basis for the study is midterm exam assignments in Norwegian Nynorsk written by 67 lower secondary school students in a Nynorsk municipality in Western Norway, authentic private messages from the same students, and the students' answers to some questions they received through a questionnaire. In addition to mapping different types of deviations and deviations that coincided with Norwegian Bokmål and dialect in the midterm exams, the study investigates whether destandardized dialect-like features that the adolescents use when writing private messages to each other are to be found in the exams. The study shows that a significantly larger proportion of the deviations in the students' Nynorsk texts coincided with the local dialect compared to the proportion that coincided with Bokmål. The findings also indicate that many students carry over destandardized features from the dialect-like writing they use in private messages when they write standard Nynorsk.

Stig J. Helset
Høgskulen i Volda
Institutt for språk og litteratur
Postboks 500, NO-6101 Volda
stig.jarle.helset@hivolda.no